Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 43

Fylke: S. Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Hemne

Emne: Ting til lækjing og vern

Bygdelag: Lidvoraden

Oppskr. av: Arne Sødal

Gard: Kveldro

(adresse): Kyrksæterøra

G.nr. 111 Br.nr. 7-8.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

## A. Ringar.

1. Nei ingen eg har tala med her, veit av det. Og fleire av dei er over 90 år.

## B. Armband.

6. Heller ikkje slike ting kjenner ein her.

Belter

10. Far. Knut Stolsmo, 84 år, hugsar at bestemor hans brukte „giktbelte". Ho spende det kring livet under kleda. Det var oml. 1 tume breidt og var laga av plater av sink og kopar, som var hekta saman – med tjukt ty i mellom. Kvar plate var godt 1 tume lang, og berre tumen. Annakvar plate av kopar og sink. Før ho tok det på, la ho det ei tid i eddik. Ho gjekk ikkje med det stødig, men helst når gikta sette åt.

Sina Tannvik, 94 år, kan og hugsa at ho har høyrt tale om slike belte, men ho har ikkje sett dei.

11. Giktbelt.

9032

## E. Øyreringar.

14. Jau, både Lina Tannvik og Knut Stolsmo seier at det var like så vanleg at karane hadde øyreringar som kvinnfolka. Lina trur det vart slutt med å gå med slike ringar kring 1880 omlag. Ho kasta sine noko på den tid. Elles så kunne det vel ømsa noko med det.

15. Knut Stolsmo seier at dei han såg var berre einfelde, av bly, og av gull og glatte og på vidde som ein 1 øre omlag. Han trur og dei var heimelaga, men det kunne det truleg vera så ømse med. Lina fikk sine frå ei syster i Amerika. Ho fekk eitt sett av bly og eitt av gull. Blyringane var glatte, men gullringane var „slintvåt" – med små rifler. Steinar var det ikkje i desse. Ringane var sette ~~gjennom~~ ~~øyret~~ og så klemde i hop. Ein sette hol i øyresnippen med ein syl. Ein kunne vel hjelpa einannan med dette. Når ein da klemde åt godt, så merka ein ikkje så mykjo andt, seier Knut *)

16. Ja, det var det vanlege.

17. Det var til vern for augo – å klara synet.

19. Ja, det var vel likt med det.

## F. Ømse ling.

20. Lina kan hugsa at ein mann brukte å gå med rå potet i lumma, til vern mot gikta

Ho kan og hugsa at ein mann i Snillfjord fekk til råd av doktoren å bera

*) Lina fortel at ho bar først blyringane ei tid; for med det grodde det til betre holet i øyro.

9032

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

eit slag metallringar <u>rundt</u> öyro – til hjelp mot tannverk. Ho kan ikkje hugsa kva slag metall dei var av. Det kan vel no vera 60-70 år sia.

Meir har eg ikkje fått greie på om dette. Noko hengesmykke har eg ikkje höyrt gjete frå eldre tid.

Det har i seinare tid vore frambode ymse elektriske belte til hjelp mot gikt, og ein og annan har vel og rådd seg slike. Men eg går ut frå at desse ikkje er av så stor interesse for E. gr.

Hemne 1954

Arne Tødal

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

9032

Til Norsk etnol. gransking.

Vil berre få leggja til det eg skreiv om ringar og giktbelte her frå Hemne, at eg nett no har tala med ein mann som fortalde at Gusta-Johan ein gong synte han ringar han hadde på underarmane. Johan var skreppekar her frå bygda, men er no død. Mannen eg tala med hadde klaga seg for gikta, og så hadde Johan drege opp bröyeermane og synt fram desse ringane – og låte om at dei kunne gjera god for gikt. Men mannen kunne ikkje no seia for visst kva metall ringane var laga av. Dei var kanskje helst av bly.

Hemne 1956

Arnt Sødal

1.50

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

9032